



Flyplassjef Jan Morten Myklebust heldt eit godt føredrag om krisehandtering i kveld.

Dei fekk ein interessann og tankevekkjande halvannan time dei som var på føredraget om krisehandtering i Gamleskulen i kveld. Ut frå det han sjølv hadde opplevd, tok fødragshaldar, flyplassjef på Sørstokken flyplass på Stord Jan Morten Myklebust, dei frammøtte med gjennom ulike sider ved temaet på ein framifrå måte.



Nokre av dei mange som fulgte føredraget med stor interesse.

Som flyplassjef har han opplevd krisa tett på ved to høve, først ved flyulukka i 1998 og 8 år seinare ved ei ny ulukke. Begge gonger i oktober. Ved den første ulukka mista 9 menneske livet, medan 4 tapte livet i 2006. Som flyplassjef stod han fremst i arbeidet ved begge høva sjølv om han hadde mange gode samarbeidspartnarar. Alt tidleg gjorde han avtale med media om å få tilgang til alt stoff dei sat på med tanke på å bruka det i førebyggjande arbeid og i øvingssamanheng. Noko av dette brukte han også i kveld. Gjennom gamle filmopptak og bilete fekk vi repetert dei to tragiske hendingane. Ved at Myklebust knytta kommentarar og fotalde om kva som hende, kva dei måtte tenkja på og korleis det vart jobba fekk vi eit anna innblikk i hendingane. Vi fekk sjå amatørvideoopptak ulukkesforløpet tatt av ein på Hillesvåg på Bømlø, og vi fekk sjå frå redningsarbeidet. Varslinga av eine ulukka til naudetaten fekk vi også høyra. Klart dette gjorde inntrykk på tilhøyrarane.

Sterkt var det også å oppleva oppfølgjingsarbeidet og omsorga som vart vist for dei etterlatne. Minnemarkeringane vi såg bilete frå og høyrdde om viser kor viktig dette er. Dette arbeidet pågår framleis. Det var flott å oppleva korleis dei to smågutane frå Færøyane som mista mora si, vart fulgt opp med besøk, og med sending av julegaver så seint som jula 2015.

Myklebust har svært mykje å bidra med innan krisehandtering og omsorgsarbeid. Når vi har ein slik kapasitet som sit på så mykje erfaring og kunnskap, undrar det meg at vi ikkje har nytta oss av dette her i kommunen. Han understreka då også kor viktig kunnskapar og øvingar var i denne samanhengen. Derfor var det kjekt å registrera at fram møtet i kveld truleg var det beste som har vore på Uskedal Utvikling sine onsdagsmøter denne sesongen. Gledelig var det også at den store festivalarrangøren vår, Festidalen, og leiargruppa der var godt representert.



Føredragshaldaren fekk Uskedalskrus som takk frå UU ved leiar Kristian Bringedal
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland